

Informasjonsskriv ut til innbyggjarane

Fyresdal kommune



Coronavaksine

Coronavaksinasjon er ein del av det nasjonale vaksinasjonsprogrammet, og kommunane skal tilby innbyggjarane vaksinasjon. Noreg vil få tilgang på fleire ulike vaksinetypar, men det er ennå usikkerheit knytt til kor raskt vi får vaksinane og kan tilby dei til anbefalte grupper.

Kommunen planlegg nå gjennomføring av vaksinasjon.

Vi vil seinare informere om kva for grupper som anbefalast vaksinasjon og rekkefølga mellom desse. Personar som prioriterast vil bli kontakta for tilbod om vaksinasjon. Det er ikkje nødvendig å kontakte kommunen eller legekantoret for å sette seg på venteliste, høyre om vaksina har kome eller timebestilling.

Coronavaksine og vaksinasjon er gratis.

Det nye coronaviruset gjev infeksjon i luftvegane. Dei fleste får ingen eller milde symptom, men nokon blir alvorlig sjuke. Dei eldste og dei som har enkelte andre sjukdomar frå før har størst risiko for å få alvorlig sjukdom.

I starten vil det ikkje vere nok vaksiner til alle som anbefalast coronavaksine. Basert på råd frå Folkehelseinstituttet har regjeringa gjett følgande prioritering, med dei øvste prioriterte fyrst:

- Bebuarar i sjukeheim
- Personar frå 85 år
- Personar frå 75–84 år
- Personar frå 65–74 år
- Personar i alderen 18–64 år med ein eller fleire nærare spesifiserte sjukdomar.

Foreløpig er ikkje helsepersonell prioritert høgare enn desse gruppene, men dette kan endrast dersom smittepresset aukar, og dersom smittesituasjonen i helseinstitusjonane endrar seg.

Vaksinasjonen i Fyresdal:

- Vil gå føre seg på legekantoret.
- Den er nøye planlagt slik at vi unngår for mange folk i lokalet samtidig med tanke på smitte, og fordi vaksina har kort haldbarheit.
- Kan ein ikkje møte til timen av ulike grunnar, er det viktig at vi får beskjed om dette så fort som mogleg, då vi må få inn nokon andre i staden for, til denne timen.
- Ikkje møt til vaksinerings dersom du har luftvegssymptom, feber over 38 grader, sit i karantene eller isolasjon.
- Tidspunkt må vi kome tilbake til då vi fortsatt ikkje veit når vaksina kjem til Fyresdal. Du vil bli kontakta for tid for vaksinerings.

Vi oppmodar alle til å følgje med på heimesida og Facebook-sida til Fyresdal kommune, der vil det kome meir informasjon etter kvart.

Med vennleg helsing

Kommuneoverlegen og vaksinekoordinatoren i Fyresdal kommune